


## SAK 08/22 BEREKRAFTSSENTER I HALLINGDAL.

### Saksopplysning:

Klima, miljø og berekraft er eit av satsingsområda i Strategisk plan Hallingdal som vart vedteke av Hallingtinget i juni 2021. I handlingsplanen til Strategisk plan er det vedteke ei rekke tiltak som skal gjennomførast for å nå våre klimamål. Desse tiltaka er retta både mot kommune, næringsliv og private. I tillegg er berekraft eit av satsingsområda i SATS PÅ HALLINGDAL.

Temaet klima, miljø og berekraft engasjerer også næringslivet. Sparebankstiftelsen Hallingdal har teke initiativ til eit samarbeid på området, og starta eit forstudie som tek sikte på å kartlegge behov og om det er engasjement og realisme for oppretting av eit berekraftssenter/ HUB/kompetansenav i Hallingdal der stiftinga også kan bidra økonomisk. Sparebankstiftelsen har laga ein modell, som viser korleis eit slikt samarbeid kan sjå ut (sjå nedanfor)



Dette er ein modell og ikkje eit ferdig utvikla konsept. Det sentrale er at stiftinga inviterer breitt til å samle kompetanse og få til ei styrking av klima/berekraftssamarbeidet i Hallingdal, der både næringa og det offentlege vil bli invitert.

Hallingtinget blir i denne saka informert om kva det blir jobba med, og invitert til å seie noko om vidare satsing på klima- og berekraftsarbeid i Hallingdal.

### VURDERING:

Det er eit svært positivt initiativ som har kome frå Sparebankstiftelsen Hallingdal. Det å samle klimakompetansen i eit berekraftsenter/ein klimaHUB el. vil kunne bidra til ei vesentleg styrking av klimasamarbeidet i dalen. Initiativet støttar opp under målsetningane både i strategisk plan, berekraftig reisemål, grøn vekst Hallingdal og Sats på Hallingdal. Om ein skal få modellen/ideen over i drift, trengs ein prosjektperiode for i kartlegge engasjement og moglegheiter, finne ut om det er realistisk å få det til og korleis eit berekraftssenter Hallingdal kan organiserast og finansierast. Her bør både offentlege og private aktørar delta.

Om ein lukkast med å gjennomføre modellen/ideen kan ein oppnå mykje. Ein får styrka klimasamarbeidet i Hallingdal, me får fleire som jobbar mot same mål og mot det grøne skifte og som bidreg til å nå berekraftsmåla. I tillegg kan ein få reduserte utslepp og redusert energibruk og det vil vere bra for næringsliv og utvikling av «grøne arbeidsplassar.

Det er for tidleg å seie noko om organisering og finansiering, Sparebankstiftelsen Hallingdal har sagt at dei kan bidra økonomisk, fylkeskommunen har sagt at dei bidreg til finansiering av ein kommunal klimakoordinator og så er det ein føresetnad at kommunane bidreg. Det å få på plass ein interkommunal klimakoordinator, har Hallingtinget sagt ja til gjennom SPH. Stillinga er ikkje finansiert. Skal få denne stillinga på plass, bør den innarbeidast i neste års budsjett. Korleis ein elles skal utforme og finansiere eit berekraftssamarbeid elles, bør forprosjektet koma fram til.

#### Forslag til vedtak

1. Hallingtinget er positive til at det blir jobba vidare med eit berekraftssenter i Hallingdal og ber administrasjonen i regionrådet og kommunane prioritera deltaking i eit forprosjekt.
2. Hallingtinget oppmodar kommunane om å løyve sin del av midlane til oppretting av ein stilling som interkommunal miljøkoordinator.

Hallingdal, 21. april 2022

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar